



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Digitaliseringsdirektoratet
Postboks 1382 Vika
0114 OSLO

Deres ref

Vår ref
25/2333-105

Dato
15. september 2026

Statsbudsjettet 2026 - Digitaliseringsdirektoratet - supplerande tildelingsbrev nr. 4

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til tildelingsbrev for Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) for 2026. Dette supplerande tildelingsbrevet omhandler følgende saker:

1. Løyvingsendringar RNB 2026
2. Totalforsvarsåret 2026
3. Justeringar i tildelingsbrevet for 2026

1. Løyvingsendringar RNB 2026

Stortinget har ved behandlinga av Innst. 450 S (2025-2026) 19. juni 2026, jf. Prop. 96 S (2025-2026), vedteke følgende løyvingsendringar i statsbudsjettet for 2026:

Kap.	Post	Løyvingsendring (kroner)	Ny løyving (kroner)
1540	23	52 000 000	583 674 000
1540	25	- 38 100 000	114 658 000

Løyvingsendringane stillast til disposisjon for Digdir. 4,7 mill. kroner av løyvinga på post 23 skal brukast til innsparing knytte til overskriding av løyvinga på posten i 2025.

2. Totalforsvarsåret 2026

2026 er peikt ut som Totalforsvarsåret, og det vil gjennom året bli gjennomført mange aktivitetar av myndigheitene for å heve, teste og evaluere beredskapen og forsvarsevna. I september gjennomførast øvinga Totalforsvar (TDX26). Digdir skal bidra i Totalforsvarsåret 2026. Det er viktig at det er mogleg å oppretthalde drift av kritiske digitale tenester i ein eventuell krisesituasjon.

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Einar Gerhardsens
plass 1
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
digitaliseringspolitikk

Saksbehandler
Ragnhild Sund
22 24 72 76

3. Justeringar i tildelingsbrevet for 2026

DFD viser til ekstra styringsmøte mellom DFD og Digdir 20. mai. Som oppfølging av møtet oversendte Digdir 3. juni eit innspel til justeringar i tildelingsbrevet for 2026.

DFD gjer følgande endringar i oppdrag i tildelingsbrevet:

Oppdrag 1 Revisjon av regelverket

Oppdraget har egentleg frist 1. desember, men overførast til 2027. DFD og Digdir har dialog om ny frist.

Oppdrag 5 Greie ut verkemidler for auka bruk av fellesløysingar

Oppdraget har egentleg frist 1. desember. Oppdraget overførast til 2027, og DFD og Digdir har dialog om ny frist. Innan 31. desember 2026 gjer Digdir ei foranalyse om pliktig bruk av Digdirs fellesløysingar. Til dette tildelast Digdir 1 500 000 kroner over kap 1541, IT- og ekompolitikk, post 22 Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken.

Oppdrag 8 Utgreiing av Single Digital Gateway (SDG)

Digdir har levert på del I av oppdraget og skal etter planen greie ut informasjonspliktingar innan 15. september. Denne delen av oppdraget utgår. DFD og Digdir har dialog om vidare arbeid.

Utover justeringane i desse oppdraga må Digdir tilpasse drifta på ein slik måte at direktoratets økonomi går i balanse. Vi ber direktoratet arbeide for at konsekvensane for fagområda som er hovudprioriteringar i årets tildelingsbrev, KI Noreg, Nye Altinn, digital lommebok/eID for alle og digital fullmaktsløysing, blir så små som moglege. DFD ber om å bli halden orientert dersom direktoratet planlegg reduksjonar med vesentlege konsekvensar for måloppnåinga.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarande innsparing i dei tre følgjande budsjettåra vart nytta for 2025. DFD understrekar viktigheita av at Digdir følger opp overskriddinga i høve til retningslinjene for bruk av fullmakta.

Tilsynet for universell utforming av ikt (Uu-tilsynet)

I oversending frå Digdir av 2. juni går det fram at det nyttast om lag 9 mill. kroner frå post 01 til Uu-tilsynet. Dette dekkjer 5 faste stillingar i tilsynet og 0,6 stilling frå avdeling for Fellesløysingar (FEL). Vi viser òg til Prop. 18 S (2025-2026) der post 27 blei auka med 8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på post 01.

Drift av tilsynet for universell utforming av ikt er sidan 2022 budsjettert på eigen driftspost, post 27. Hensikta er å synleggjere tilsynet sin autonome rolle. Frå og med 2026 har posten 01 og 27 stikkordet «kan nyttast under». Utgifter til drift av Digdir budsjetterast på kap. 1540, post 01. Hensikta med stikkordet var å auke Digdirs fleksibilitet ved å sjå dei samla budsjetttrammene mest mogleg i samanheng.

DFD forutsett at løyvingane på kap. 1540 nyttast i tråd med Stortinget sitt vedtak og som òg er utgangspunktet for departementets tildelingsbrev for 2027. Vi ber Digdir om å tilpasse bruken av midlar til Uu-tilsynet, slik at aktiviteten er i samsvar med løyvinga på post 27, og ber Digdir om å presentere ein plan for tilpassinga til etatsstyringsmøtet 19. oktober.

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen